



Tokke kommune

Ordfører

NOREGS VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2017/2005-39 L12 28.02.2020

Bør byggefristane for dei to småkraftverka i Lårdalsåi forlengast ?

Tokke kommune viser til e-post frå NVE ved overingeniør Tord Solvang frå 21. januar 2020 om avgrensa høyring av søknader for forlenga byggefrist. Merknader skal sendast innan 28. februar 2020. Her fylgjer merknader frå Tokke, delt inn i ulike undertema:

1.0 Problemstilling	2
2.0 Bakgrunn, vedtak og prosess	3
2.1 Litt fakta om Lårdalsåi og kraftverk	3
2.2 Handsaming i Tokke kommunestyre, 2014 og 2019	3
2.3 Tidsfrist og prosess.....	4
2.4 Forlenging av konsesjon, «kan-regel»	5
3.0 Samfunnsøkonomi og feil i faktagrunnlag	6
3.1 Samfunnsøkonomi.....	6
3.2 Kor stor er vassføringa i Lårdalsåi?.....	6
4.0 Natur og miljø	7
4.1 Vilårsrevisjonane i Tokkeåi.....	7
4.2 Høyringsuttala frå Fylkesmannen	8
4.3 Naturmiljø og kartlegging av biologisk mangfald	9
4.4 Lokalt klima i Lårdal	11
4.5 Hommefossen og Kvålofossen	11
5.0 Landskap og kulturminner	13
5.1 Kulturmiljø og kulturminner	13
5.2 Nyare tids kulturminne av nasjonal verdi.....	15
5.3 Reiseliv, Regionalparken og kulturlandskap.....	16
6.0 Motstand mot utbygging	20
7.0 Klima versus naturmiljø	22
8.0 Lovens formål og oppsummering.....	22

1.0 Problemstilling

Lårdal kraftverk ved konsesjonssøkar Vest-Telemark kraftlag AS fekk konsesjon frå NVE den 25. mars 2015 til å bygge eit småkraftverk i Lårdalsåi i Tokke kommune mellom kote 398 til kote 166. Same dag fekk Lårdalsåi kraftverk ved Eik Falleigarlag løyve til å bygge eit småkraftverk i Lårdalsåi frå kote 166 til kote 75.

I etterkant har NVE i vedtak frå 23.11.2018 godkjent overføring av konsesjonen frå Eik Falleigarlag til Triset kraftverk AS.

I konsesjonane punkt 2 heiter det fylgjande:

2. Bortfall av konsesjon

«Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.»

For Lårdalsåi kraftverk sin overførte konsesjon frå 23.11.2018 er det lagt til som del av punkt 2 fylgjande setning:

«Byggefrist gjelder fra opprinnelig gitt konsesjonsdato 25.03.2015.»

Føresegnene inneber at dersom byggestart for kraftverka ikkje er sett i gang innan 25. mars 2020 fell konsesjonane bort.

Problemstillinga i denne saka er om NVE bør gje forlenga byggefrist utover fem år. Tokke kommunestyre gjorde 03.12.2019 eit vedtak om at ein ikkje ynskjer å byggje småkraftverk i Lårdalsåi. Dette notatet byggjer på vedtaket og vil gjere greie for kvifor kommunen argumenterer mot forlenging.



*Nedre Lårdal
sett mot Bandak*

2.0 Bakgrunn, vedtak og prosess

2.1 Litt fakta om Lårdalsåi og kraftverk

Lårdal vaks fram som ein industristad på byrjinga av 1900 talet. Det var då eit ullspinneri, sagbruk og møbelfabrikk i bygda. Desse verksemdene brukte elektrisitet av småskala vasskraft frå Lårdalsåi. Kraftverka på den tida hadde ein avgrensa slukeevne. På 1960/70-talet var det ikkje lenger noko drift av desse kraftverka.

Lårdalsåi har såleis vore sentral for utvikling av bygda og går midt gjennom bygda. Mange i Lårdal føler eit eigarskap til Lårdalsåi. Lårdalsåi er såleis ikkje noko bortgøymd elv i ein sidedal.

Den 16.2.2001 kom NVE med vedtak om bygging av konsesjonsfritt kraftverk for Lårdal Energi AS på 2,8 MW, og om lag 10,5 GWh for å utnytte fallet mellom kote 390 og kote 250. Kote 250 er rett under brua ved Hommefossen. Avgjerda til NVE var gyldig i 3 år. Lårdal Energi AS søkte ikkje om forlenging av fristen. Kraftverket er aldri blitt bygd.

2.2 Handsaming i Tokke kommunestyre, 2014 og 2019

Då saka var oppe i Tokke kommunestyre den 16. september 2014 blei det vedteke fylgjande:

«Tokke kommune støttar søknadane om konsesjon for bygging av Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk slik dei ligg føre, og ber NVE gje konsesjon i tråd med praksis for småkraftverk med ei minstevassføring lik den alminnelege lågvassføring – jf vassressurslova §10.

Kommunen meiner det er tenleg med ein heimel for å kunne revidere konsesjonsvilkåra på lik linje med konsesjonar etter vassdragsreguleringslova (30 år revisjonsintervall). Grunngeving for dette er at Lårdalsåi er eit sentralt og viktig landskapselement i bygda Lårdal, og det bør vera høve for ålmenne interesser til å krevje revisjon av vilkår etter at kraftverka har vore i drift ein slik periode.

Området der kraftstasjonen til nye Lårdalsåi kraftverk er tenkt plassert er regulert til spesialområde verneverdig grunna den gamle kraftstasjonen som ligg der i dag. Kommunen vil så langt råd er syte for at denne reguleringsføresegna ikkje hindrar utbygging når omsynet bak vernet vert stetta på ein god måte.

Tokke kommunestyre skal i samband med budsjetthandsaminga kvart år vurdere å avsetje ein høveleg del av kraftinntektene til formål som skal kome bygda til gode.»

Sidan hausten 2014 har det vore to lokalval i Tokke. Tokke kommunestyre fatta fylgjande vedtak den 3. desember 2019:

- «1. Tokke kommune ynskjer ikkje at det skal byggast småkraftverk i Lårdalsåi.*
- 2. Tokke kommune er medeigar i selskapet Vest Telemark kraftlag AS (VTK). Kommunen vil be utbygger VTK om at selskapet ikkje skal gjennomføre bygging av Lårdal kraftverk.*
- 3. Tokke kommune vil be om at VTK ikkje overdreg prosjektet til andre utbyggerar.»*

Sidan Tokke kommune no går imot utbygging av småkraft i Lårdalsåi er det ein naturleg konsekvens at kommunen meiner at konsesjonærane ikkje bør få forlenga sine byggefrister utover 5 år.

2.3 Tidsfrist og prosess

Når konsesjonssøkar får konsesjon er det etter ein lang prosess i forkant av NVE sitt vedtak. Viss konsesjonæren jobbar systematisk og effektivt vil det berre i spesielle tilfelle vere trong for meir enn 3 år før byggestart kan skje. Fem år er såleis romsleg tid. Klarar ikkje konsesjonæren å starte bygging i løpet av den fristen, bør det forventast at konsesjonæren i søknaden om forlenga frist for byggestart presenterer ei tidslinje som viser at fristen på 5 år er utnytta på ein effektiv måte.

Vest-Telemark kraftlag vedgår i sin søknad frå 15. januar 2020 at det var minimal aktivitet med tanke på utbygging av konsesjonane i 2015, 2016 og mesteparten av 2017. Med andre ord brukte VTK om lag 2,5 år på å arbeide med ei avtale om å slå saman det øvre og det nedre kraftverket i Lårdalsåi. Slike diskusjonar har gått føre seg i alle fall frå 2004.

Fallrettsavtalen for Lårdal kraftverk er signert i 2005. Det hadde såleis vore kontakt mellom partane i over 10 år før konsesjonane blei gjeve. At konsesjonærane igjen bruker nye år til samtaler, inneber at dei tek ein risiko for at byggestart ikkje skjer innanfor fristen på fem år.

Dersom fristen ikkje er utnytta på ein effektiv måte, bør det ikkje vere nokon automatikk i at konsesjonæren får ytterlegare fem nye år.

Vassressurslova byggjer på NOU 1994:12 Lov om vassdrag og grunnvann. Fleirtalet i dette utvalet hadde framlegg om at det skulle gjelde ein treårsfrist for alle konsesjonar. Det var ikkje noko unntak for vasskraftanlegg, slik det blei i den endelege lova jf. vassressurslova § 19 2. ledd jf. vassdragsreguleringsloven 15.

I NOU 1994: 12 side 534 står det fylgjande:

«Tredje punktum gir vassdragsmyndigheten adgang til å forlenge fristen en gang. Forlengelse kan gis for maksimalt tre år. Med en slik forlengelse kan oppstartingen av arbeidene utsettes i inntil seks år, eller arbeidene kan innstilles for inntil fem år. Forlengelse er et enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Et mindretall (Berg, Høisveen, Samuelsen, Terjesen og Traagstad) går inn for at vassdragsreguleringslovens regler om byggefrister (vregl. § 12 nr. 1) skal gjelde istedetfor utk. § 26 for alle vannkraftanlegg, også de anlegg som går inn under lovens øvrige regler. Det vises til utk. 17 (forslag til tredje ledd). Etter vassdragsreguleringslovens regler vil det i stedet gjelde femårsfrist for anleggsstart supplert med en femårsfrist for fullføring, med generell adgang til å forlenge fristene ytterligere.»

Det viser at det var stor diskusjon om ein særregel på 5 år for vasskraftverk med konsesjon etter vassressursloven. Det endelege utfallet blei som kjent fem år, men diskusjonen i det partssammensatte utvalet viser at fleirtalet meiner at fem år var for lang tid. Det taler for at NVE bør kunne gje avslag på forlenga byggefrist etter fem år, fordi ein femårsfrist i utgangspunktet er ein romsam frist.

Vest-Telemark kraftlag skriv i sin søknad for 15.1.2020 at årsaken til forsinkinga ligg utanfor VTK sin kontroll, jf. siste avsnitt på side 2. Tokke kommune er usamd i dette. Dei fyrste 30 månadene blei ikkje nytta til framdrift av prosjektet, jf ovanfor.

Det er vidare slik at det truleg har vore busetnad i Lårdal i fleire tusen år. Då er då nærliggande at ein i ein røyrgatetrasé som går over dyrka mark kan finne automatisk freda kulturminne, jf. funn under utgravinga sommaren 2019. Slike funn burde konsesjonæren ha teke høgde for. På denne bakgrunn burde konsesjonæren starta prosjektutvikling straks konsesjonen blei gjeve i mars 2015. Obligatorisk arkeologisk registrering vart fyrst tinga av VTK mars 2019.

2.4 Forlenging av konsesjon, «kan-regel»

Føresegnene om byggefrist, som er teke inn i konsesjonane, har tilsvarande ordlyd som vassdragsreguleringslova § 15. Det følgjer at det er ein skjønnsmessig regel. NVE kan forlenge fristen, men det er ikkje noko rettskrav for konsesjonæren.

Utdrag frå pressemelding frå Olje- og energidepartementet 17. oktober 2019 vedrørende nasjonal ramme for vindkraft:

«Vil se på konsesjonsprosessen

Regjeringen vil gå gjennom konsesjonsprosessen for vindkraft med sikte på å forbedre og stramme inn dagens praksis, og vil avvente avklaringer på endringer i konsesjonssystemet før konsesjonsbehandlingen av vindkraftsaker gjenopptas: Kravene til detaljplaner etter konsesjon er gitt vil bli skjerpet.

Det vil bli ført en strengere praksis for forlengelse av byggefrister.

Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget vil sikre en best mulig håndtering av natur- og miljøhensyn.

Det skal innføres en ordning der fylkeskommunene blir konsultert i vindkraftsaker, og det skal vurderes hvordan regionale planer kan tillegges større betydning.»

Som det går fram av pressemeldinga vil departementet innføre ein strengare praksis knytt til forlenging av byggefristar. Noko av grunngjevinga for kravet om strengare praksis for byggefristar er at situasjonen skal vere meir føreseieleg for lokalsamfunn og kommunar. Det skal ikkje vere slik at ein konsesjonær skal kunne sitje på ein konsesjon i lengre tid utan at prosjektet har framdrift. Har ein fått konsesjon av det offentlege, skal utbygging skje så fort som råd.

Desse punkta har NVE fylgd opp i sin NVE Rapport nr 3/2020 Konsesjonsprosessen for vindkraft på land frå januar 2020 til Olje- og energidepartementet punkt 3.7.17. Mellom anna eit framlegg om krav om innsending av detaljplan 2 år etter at konsesjon er gjeve.

3.0 Samfunnsøkonomi og feil i faktagrunnlag

3.1 Samfunnsøkonomi

Lårdalsåi er ein vasstreng. Inntaket for det nedre kraftverket, Lårdalsåi kraftverk er på same kotehøgde som utløpet av det øvre kraftverket, Lårdal kraftverk.

I vassressurslova § 1 om formålet heter det:

«Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann.»

NOU 1994:12 Lov om vassdrag og grunnvann var utgangspunktet for vassressursloven. Som grunngeving for formålet heiter det frå fleirtalet side 494:

«Disponeringen av vassdrag og grunnvann må derfor vurderes i lys av hva allmenne samfunnsinteresser tilsier. Begrepet samfunnsmessig omfatter både miljøhensyn, medregnet hensynet til å sikre biologisk mangfold, og hensynet til aktuelle bruksformål og økonomi. Hva som for øvrig anses som samfunnsmessig forsvarlig, må bero på en samlet vurdering av forholdene til enhver tid.»

Er det god samfunnsøkonomi å bygge to kraftverk etterkvarandre i staden for å heller bygge eit litt større kraftverk? Svaret på det er opplagt nei. I dette tilfellet har NVE ein moglegheit for å setje ein stopper for samfunnsøkonomiske lite heldige utbyggingar som det vil vera å bygge to kraftverk på rekkje og rad.

3.2 Kor stor er vassføringa i Lårdalsåi?

Det er lagt til grunn at avrenninga i nedbørsfeltet til Lårdalsåi er 13,9 liter per sekund per kvadratkilometer, jf. vedlegg til konsesjonssøknaden frå VTK frå 30.4.2014 side 7.

Gjennomsnittleg vassføring ved inntaket til Lårdal kraftverk er utrekna til 803 liter per sekund. Den er teoretisk basert på NVE sitt vassatlas for perioden 1960 til 1990. Av NVE sitt vassatlas følgjer det at vassføringa i perioden 1930 til 1960 var om lag 25 liter per sekund per kvadratkilometer.

Vatnet Langesæ ligg i Tokke kommune på andre sidan av Eirefjell. Langesæ har eit tilgrensande nedbørsfelt til Lårdalsåi. Ut frå NVE sin målestasjon 16.189.0 Bjørntjønn er middelavrenninga målt til ca. 24 l/s/km² i perioden 1992 til 2018. Det året med lågast avrenning (1996) var avrenninga på 15 l/s/km². Det er fortsatt over det snittet som VTK har lagt til grunn for Lårdal kraftverk. Det gjev ein tydeleg indikasjon på at vassføringa som VTK har lagt til grunn i sin konsesjonssøknad er mykje lågare enn reell vassføring.

I søknaden om å bygge kraftverk frå 2000 blir det oppgjeve at gjennomsnittleg vassføring i Lårdalsåi er ca. 1400 liter per sekund. I eit vedlegg til søknaden følgjer ei varigheitskurve som er utarbeidd av Magne Bruland 12.4.2000. Det heiter at varigheitskurva er utarbeidd med fylgjande føresetnader:

- «Tilsigsdata er hente frå målestasjon til NVE som ligger i Kilen vassdraget
- Tilsigsdata er skalert frå 17,54 til 24,95 l/sek, grunnet høydeforskjell
- Nedslagsfelt er beregnet til 56,2 km².

Ut frå disse forutsetningene vil gjennomsnittlig tilsig for Lårdalsvassdraget være 1402 l/sek.»

I registreringsskjemaet for søknaden frå 2000 er det lagt til grunn at middelavrenning frå feltet er 24,95 l/s/km².

I NVE sitt vedtak frå februar 2001 heiter det følgjande:

«Det er en forutsetning at anlegget er i samsvar med framlagte planer og med en lavvannføring på 140 l/s og at det blir utformet et fast arrangement som til enhver tid sikrer denne vannføringen.»

Det er såleis truleg at vassføringa i Lårdalsåi er 70-80 % høgare enn det som er lagt til grunn i søknaden frå Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk. NVE fastsette minstevassføringa i mars 2015 på grunnlag av ei forventa årsvassføring på 800 liter per sekund. Minstevassføringa er sett til 50 liter per sekund. Dersom ein legg dei nye vassføringtala til grunn skulle kanskje minstevassføringa bli sett monaleg høgare. Det er også i samsvar med NVE sitt vedtak i 2001. Minstevassføringa er noko av det mest sentrale tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet.

NVE sitt vedtak frå 2015 byggjer såleis på feil fakta.

Sidan konsesjon som er gjevne på feilaktige fakta, ikkje bør konsesjonærane ikkje få forlenga byggefrist.

4.0 Natur og miljø

4.1 Vilårsrevisjonane i Tokkeåi

Tokke kommune har dei siste åra jobba mykje for å sikre miljøvassføring i Tokkeåi mellom Åmot i Vinje og Dalen i Tokke. Meir vatn i Tokkeåi er viktig for at den genetisk unike storauren i Tokkeåi skal overleve.


Gjennom dette arbeidet er kommunen blitt meir og meir klår over kva for naturverdiar som finst i vår kommune. I dag er om lag 97,5 %, jf. fylkesmannen si uttale i saka om Lårdalsåi, av det utbyggbare vasskraftpotensialet i kommunen bygd ut. Tokke kraftverk som ligg på Dalen produserar åleine ca. 2200 GWh i eit normalår.

Allereie i 1970 skreiv Kontaktutvalget for Kraftutbygging – Naturvern i ein rapport til departementet at:

«på bakgrunn av de store kraftutbygginger i Tokke kommune, bør det ikke foretas ytterligere vassdragsreguleringer i Rukkeåi og Dalåi. Vernet bør gjøres varig.»

Rukkeåi vart verna i 1973. I saksframlegget til kommunestyremøtet 04.09.2014 var ikkje utbyggingsgraden i Tokke tema i det heile tatt.

Lårdalsåi er det siste vassdraget i Vest-Telemark av ein viss storleik under ca. kote 450 som ikkje er bygd ut. Det er i dei lågareliggande delane av kommunen ein finn det største naturmangfaldet. Tokke kommune ynskjer å sikre naturmangfaldet som Lårdalsåi representerer.



Ulike parti frå Lårdalsåi.

4.2 Høyringsuttala frå Fylkesmannen

I Fylkesmannen i Telemark si høyringsfråsegn frå 29. september 2014 heiter det fylgjande i konklusjonen side 3:

«Vi meiner at vassdragsnaturen i Tokke kommune i svært stor grad er utnytta til kraftproduksjon og at naturen er påført betydelege inngrep. Gjennom sitt bidrag er kommunen påført skade i vassdragsnaturen med de følger dette har på vassbiologi og naturinngrep. Gjennom Tokke-Vinje-reguleringa er kommunen ein av dei store leverandørane av kraft til det norske samfunnet. Vi meiner ut frå ei vurdering av heilheiten i saka at den totale belastninga i kommunen og regionen må vurderast nøye i den kommande behandlinga av konsesjonsspørsmålet knytt til Lårdalsåi. Fylkesmannen stiller seg tvilsam til om fordelane av tiltaket overstig ulempene for allmenne og private interesser ut frå ei totalvurdering av samla påverknadar på vassdragsnaturen i Tokke kommune. Ulempene samla sett står etter vår meining ikkje i forhold til kraftproduksjonen på ca. 12,1 Gwh som er samla produksjon frå dei omsøkte kraftverka.»

Fylkesmannen meiner at naturmiljøet taler mot ei utbygging. I tillegg er vasskraftutbygginga i Tokke så omfattande at den totale belastninga på i Tokke og regionen er så stor at Fylkesmannen er tvilande til at fordelane ved denne utbygginga overstig ulempene.

Det er også verdt å merke seg at Tokke kommunestyre fatta sitt kommunestyrevedtak 16. september 2014, altså ca. 14 dagar før uttala frå Fylkesmannen var klår.

4.3 Naturmiljø og kartlegging av biologisk mangfald

I dei seinare åra har ein blitt klår over det unike biologiske landskapet i dei bratte lisidene ned mot Tokkeåi og Bandak. Det har blitt oppretta to store naturreservat i desse områda etter at konsesjonen var gjeve i mars 2015. Det er Tokkeåi naturreservat i Tokke og Vinje kommunar med verneforskrift frå 25. november 2016 nr. 1388. Vernearealet er på ca. 5 669 dekar.

I føremålet § 1 heiter det:

«Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit særmerkt skogområde med stor variasjon av element som er viktige for det biologiske mangfaldet, i form av eit stort samanhengande kløftesystem med variert topografi og sjeldne naturtypar som fuktige bergveggar og skogmiljø på rasmark, lavrik lauvskog med regnskogpreg og grunnlendte førekomstar av kalkbarskog, og førekomstar av lågurt-eikeskog utanfor kløftesystemet.

Vidare er føremålet å bevare eit område som har særskilt naturvitskapleg verdi som eit av dei største registrerte kløftesystema i Noreg, med uvanleg velutvikla neverlavsamfunn og rike samfunn av mikrolav på alm, og med mange sjeldne og truga artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og utvikle dei vidare om det let seg gjera.»

Bandaksliane naturreservat i Kviteseid og Tokke kommunar er frå 6. desember 2019 nr. 1858. Naturreservatet omfattar ca. 12 072 dekar.

I § 1 i føremålet heiter det:


«Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av sin storleik, og som representerer ein bestemt type natur i form av skogtypar som bekkekløfter, edellauvskog og boreal lauvskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»

Desse naturreservata er oppretta for å ta vare på unike verneverdiar. Frå Fylkesmannens tilråding av vern av Bandaksliane heiter det på s. 3:

«Artsmangfaldet er ikkje særskilt rikt samanlikna med områda på nordsida av Bandak. Likevel finst det ei rekke med krevjande arter langs lia, der fleire arter av lav og mosar som krev fuktig livsmiljø er av størst interesse. Størst arts mangfald finn ein i bekkekløftene og innanfor kjerneområda med rik edellauvskog og rik blandingsskog.»

Lårdal ligg på nordsida av Bandak og utbygginga vil omfatte strekningar med naturtype bekkekløft. Området er del av det som Bio-Fokus i ein rapport frå 2010 omtalar å vere av «internasjonal interesse». (Reiso og Olsen: Naturtypekartlegging i Tokke kommune 2009).



Oversiktskart som viser plasseringa av Tokkeåi og Bandaksliane naturreservat i høve til Lårdal.

Dei biologiske rapportane for utbyggingsprosjekta er i utgangspunktet laga i 2007, og oppdatert i 2013. Desse rapportane fangar ikkje opp den nye naturkunnskapen som er kome dei siste åra knytt til dei store naturreservata.

NVE har i eigen rapport frå 2015 (Høitomt og Gaarder, NVE rapport 92) undersøkt kvaliteten på bio-mangfald kartleggingar i samband med småkraftsøknader. Det vart funne store avvik i resultat. Funn av raudlista lav og moser var til dømes 12,8 gonger så høgt i etterundersøkinga, og det var store skilnader i vurdering av verdi, omfang og konsekvensar. Naturvernforbundet Telemark, Norges Jeger- og Fiskerforbund Telemark og Telemark Botaniske Forening har gått gjennom rapporten frå FAUN som låg til grunn for å gi konsesjon til Lårdal kraftverk. Dei har peika på vesentlege manglar ved denne og sende i mai 2019 ein klage til NVE/OED.

Naturmiljøet langs Lårdalsåi er unikt. I det minste bør konsesjonæraane påleggast å gjere nye undersøkingar langs Lårdalsåi på grunnlag av oppdatert kunnskap om naturverdiene. Ved val av konsulent til å gjennomføre slike undersøkingar bør kommunen få rett til å uttale seg.

I dag veit me endå meir om negative konsekvensar for økologi og biologisk mangfald ved vasskraftutbygging. Ein ny og særskilt omfattande rapport frå FNs naturpanel viser at også naturverdiane i Noreg er under sterkt press og at det i hovudsak skuldast arealbruk og bit-for-bit nedbygging av intakte område.



Parti frå Lårdalsåi.

4.4 Lokalt klima i Lårdal

Lårdal har historisk eit veldig spesielt mildt klima. Tidlegare var det mykje dyrking av jordbær i Lårdal. Før drivhusa sin tid, var Lårdal kanskje fyrst ut, eller blant dei fyrste i Noreg med sine tidleg-jordbær. Lårdalsåi, som renn midt gjennom bygda, kan vere ein bidragsyter til dette gunstige klimaet.

4.5 Hommefossen og Kvålofossen

Lårdalsåi har fleire markante fossar. Vedlagt er eit bilete frå Hommefossen. Denne fossen vil jamt over året sjølvstøtt ha mykje mindre vassføring ettersom slukeevna til Lårdal kraftverk er 2000 liter.



Bilete av Lårdalsåi og Hommefossen. Dette er hovudvegen gjennom bygda. Brua over Lårdalsåi er eit kulturminne i seg sjølv.



Kvålofossen er langs Lårdalsvegen heilt opp mot inntaket til Lårdal kraftverk.

5.0 Landskap og kulturminner

5.1 Kulturmiljø og kulturminner

I OEDs Retningslinjer for små vasskraftverk går det fram at det generelt skal synast varsemd med inngrep i verdifulle kulturmiljø og område med kulturminner. Inngrep som bryter med landskapets og kulturmiljøets eigenart og verdi, og som kan influere negativt på stadsidentiteten bør unngås.

Det finst ikkje eit meir sentralt landskapselement i Lårdal enn elva. Sjølv namnet Lårdal, frå norrønt Lagardalr, tyder «*dalen med vatten*». Viss desse retningslinjer nokon gong skal kome til sin rett, så bør det vere her.

Området for utbygging er i arealplanen peika ut som særleg verdifullt kulturlandskap. Dette vart lite sentralt i saksutgreiinga til kommunestyret i 2014. Omsynet til kulturlandskapet er eit sentralt argument for at Tokke formannskap samrøystes har sagt nei til søknad om dispensasjon frå utbyggjar og krev reguleringsplan før tiltaket kan starte. Tokke kommune ynskte gjerne sjølv å lage og koste ein reguleringsplan for området under føresetnad om bygging av Lårdal kraftverk. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har kjend kravet om at kommunen sjølv skal lage reguleringsplan for ugyldig. Kommunen er litt usikker på korleis vi skal forstå vedtaket frå 17.2.2020. Moglegvis meiner Fylkesmannen Vestfold og Telemark at alle konsesjonsgjevne vasskraftverk, uansett storleik, ikkje treng dispensasjon jf. plan- og bygningsloven § 12-1.


I konsesjonsvedtaket frå 2015 er det rutinemessig stilt krav til utbygger om å «*i god tid før anleggsstart undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner*». Vest-Telemark kraftlag tinga 01.03.2019 ei arkeologisk registrering av tiltaksområdet. Undersøkinga vart utført av Telemark fylkeskommune i perioden 25.06-02.07.2019. Dette resulterte i funn av fire nye automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet, mellom anna gravfelt frå vikingtid, dyrkingslag frå folkevandringstid, kokegropar og dyrkingslag frå romartid.

I rapporten som omtaler registreringane heiter det fylgjande i innleiinga:

Det er ikke tidligere registrert automatisk fredete kulturminner inne i selve tiltaksområdene, men det er kjent svært mange i nærheten. Omfanget at kjente kulturminner i Lårdal er så stort at det blir en for omfattende oppgave å nevne alle i denne rapporten. (Scheffler 2019: Rapport arkeologisk registrering, Lårdal kraftverk, 14/01045)



Funn av freda kulturminne har så langt stansa utbygging av Lårdal kraftverk.



Figur 1. Flyfoto som viser tiltaksområdene og de automatisk fredete kulturminnene (markert med rune-R).



Figur 5. Flyfoto som viser kjente kulturminner (markert med rune-R) i nærhet til tiltaksområdene. Svært mange av disse viser til funn av gravgods fra yngre jernalder/vikingtid. Bjåland er merket med gul sirkel, Åkeren med rød og Skjelbreid med hvit.


5.2 Nyare tids kulturminne av nasjonal verdi

For utbygging av det nedre kraftverket, er det tilhøvet til nyare tids kulturminne som har vist seg mest problematisk. Telemark fylkeskommune ved Team kulturarv sende 15.12.2017 eit brev til Tokke kommune om mogleg reguleringsendring i samband med konsesjon for utbygging av Lårdalsåi kraftverk. Der heiter det fylgjande:

I prosessen med konsesjonshandsaming har omsynet til det gamle kraftverket dessverre ikkje blitt omtala i vår uttale datert 4.11.2014. Vi beklagar sterkt at ein grundig vurdering av nyare tids kulturminne kjem så seint i prosessen nå i samband med avklaringa opp mot plan- og bygningslova. [...] Den gamle kraftstasjonen har nasjonal kulturminneverdi. Sjølve kraftstasjonen har stor representativ verdi som døme på fleirtalet av kraftverka i Noreg på byrjinga av 1900-talet. Det var små kraftverk med eit aggregat plassert i enkle bygg, som regel i tre. Få av desse har overlevd til i dag, og særst få komplett. Det gamle kraftverket i Lårdal, med norsk produksjonsutstyr, har såleis også stor sjeldanheitsverdi. Det er få av dei attende.

I tillegg kjem plasseringa og samanhengen med Bandakkanalen som no i 2017 er freda etter kulturminnelova. Kraftstasjonen er dermed også del av historieforteljinga til eit freda transporthistorisk kulturminne av nasjonal verdi. [...]

Dersom ei løysing med plan- og bygningslova aleine ikkje er nok for at den gamle kraftstasjonen blir ståande, vil vi peike på moglegheiter Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer frå Olje- og energidepartementet gir. Den seier at det er mogleg å endre vilkåra for ein konsesjon, dersom tungtvegande allmenne omsyn talar for det.



«Den gamle kraftstasjonen blei bygd i 1916 for å gi kraft til Lårdal Fabrikker som låg nede ved den no freda brygga ved Bandakkanalen. Kraftstasjonen har god integritet og autentisitet. Alt originalt er på plass med mellom anna inntaksdam med luke og maskineri, rørgate og kraftstasjonsbygning med komplett turbin og generator.» (Team kulturarv, 15.12.2017)

Til venstre: Montering av kraftstasjon. Frå fotosamlinga etter Hans Tveito, Telemark Museum

5.3 Reiseliv, Regionalparken og kulturlandskap

Reiselivet i kommunen har hatt ein god vekst dei seinare åra, medan mange andre type arbeidsplassar i kommunen har hatt nedgang. Kommunen er vertskap for Dalen Hotel som stod ferdig i 1894. Nokre av turistane den gong var sportsfiskarar fiske etter storaure og kongelege som skulle reise på dei i dei lite utforska områda av Telemark. Urørt natur saman med intakt kulturlandskap var den gong ein stor attraksjon. Den trenden ser også å vere tilbake i dag. Programmet Fotobonden med som har gått på NRK1 i januar 2020 understreker denne verdien.

Henrik Ibsen og Victoria går frå Skien til Dalen langs Telemarkskanalen 4-5 månader i året. Lårdal er ein fast stopp for kanalbåtane. Det skuldast at mange går den kjende Lårdalsstigen mellom Dalen og Lårdal. Eit intakt vassdragslandskap vil vere eit bidrag til turismen på lang sikt.



Lårdal sett frå kanalbåten. Lårdalsåi renn ut i Bandak til venstre midt på bildet.

I 2006 tok Miljøverndepartementet initiativ ovanfor Telemark fylkeskommune for å prøve ut korleis intensjonane i Den europeiske landskapskonvensjonen kunne gjennomførast i praktisk planlegging på lokalt og regionalt nivå. Miljøverndepartementet la til grunn at det skulle "slås en ring rundt Telemarkskanalen og de seks kanalkommunene for å skape et samlet regionalt konsept for utvikling og drift av kanalen og landskapet omkring". Dette munna ut i oppretting av Telemarkskanalen Regionalpark, med mål om å ivareta og vidareutvikle området natur- og kulturverdiar. I 2010 laga Aurland Naturverkstad ein landskapsressursanalyse på oppdrag for fylkeskommunen. Her er Lårdalsåi identifisert som sentralt landskapselement (sjå neste side):

Tilrettelegging av autentiske opplevingar i natur og kultur langs kanalen er ei hovudsatsing for Regionalparken, jfr Strategisk handlingsplan for 2018-2022. Tokke kommune ser store moglegheiter i å utvikle Lårdal som destinasjon og anløpsstad for reisande på Telemarkskanalen, til dømes ved å legge til rette for ei ellevandring der ein kan lære meir om den rike kulturhistoria og dei unike naturverdiane. Utbygging og fjerning av vasselementet vil vere kontrær og stå i vegen for ei slik satsing.

Delområde 3: Lårdal**Omtale av område**

Sørvendt, åpent dalføre som danner en kile inn i det bratte fjellpartiet som skiller Bandak fra det høyereliggende platået.

Elva Lårdalsåi er et sentralt landskapselement i dette rommet. Langs det slake dalføret rundt elva ligger jordbruksområder og bosetning som bryter de skogkledde lisidene langs innlandsfjorden. Bygda har et særs mildt klima med stort innslag av edelløvskog og annen varmekrevende vegetasjon. Klimaet gir usedvanlig gunstige vilkår for dyrking av varmekrevende vekster som vanligvis ikke trives på friland i Norge (eks. fersken og aprikos). Landskapet er i noen grad preget av gjengroing som følge av nedlegging av gårdsbruk og reduksjon i husdyrholdet.

Funn av bergkunst som viser båtfigurer og en skålgrop, gir indikasjoner på at bosetningen i Lårdal trolig spores tilbake til yngre bronsealder (1100-500 f.Kr.). Lårdal brygge er stoppested for kanalbåtene, og det har tradisjonelt vært gjestgiversted og ulike tilbud for overnatting i Lårdal. Uttransportering av produkter fra et stort omland (Vinje/ Hardangervidda)

Gammelt kommunikasjons- og administrasjonssenter som for Lårdal kommune. På 1800-tallet var både sorenskriver og distriktslege for øvre deler av fylket lokalisert her.

Bosetning bygd opp gjennom industrihistoria. Kraft frå Lårdalsåi gav grunnlag for ullspinneri, sagbruk og møbelfabrikk. Dette gav en sterk arbeiderkultur.

Bygda er med i Småsamfunnssatsingen med prosjektet *Lårdal Liv Laga*. I prosjektet er rydding og skjøtsel av kulturlandskap, engasjering av ungdom, økning i antall arbeidsplasser og styrking av bosetning, i tillegg til etablering av møteplasser målsetninger, som ei motvekt mot fraflytting fra bygda. Et pensjonat og en campingplass driver i dag aktivt i tilknytning til gjestebrygga. Dagligvarebutikken ble nedlagt for kort tid tilbake, mens grendehuset og et oppvekstsenter med barnehage og skole er i aktiv drift.

Lårdalsstigen, "Tøffere enn Besseggen", er en turrute mellom Lårdal og Dalen og inngår som del av aktivitetstilbudet til de fastboende og tilreisende.

Landskapskarakter og særpreg

Åpent jordbruksdalføre med tradisjonelt kulturlandskap delvis preget av gjengroing. Svært gunstig klima. Brygge og småbåthavn, overnatting og andre tilbud til turister.

Landskapets utviklingspotensial (opplevelse, se, være, gjøre, lære)**Natur og landskap**

- Gunstig lokalklima som ressurs for nisjeproduksjoner av honning, bær, frukt og grønnsaker
- Stort omfang av edelløvskog o.a. varmekrevende vegetasjon som ressurs for trehåndverk?
- Natursti
- Viktig vinterbeite for hjortevilt

Kulturhistorie

- Anløpssted for kanalbåtene.
- Førhistoriske kulturminner – helleristninger
- Gammel nedlagt kraftstasjon
- Anna industrihistorie så som spinneri, sagbruk, trevarefabrikk og brynesteinsforedling
- Gågehaug – gammel avrettingsted med gravrøys

Sosiale og kulturelle ressurser, aktiviteter/møteplasser

- Brygga
- Utviklingsprosjekt – Lårdal Liv Laga og ungdomsprosjektet Lårdals Ark.

Aktuelle tiltak

- Utvikle jordbruket i retning småskala produksjon av råvarer til forsyning av hoteller, kanalbåter og serveringsvirksomheter i området
- Utvikle et hageprosjekt med fremmede og sjeldne arter som kan trives i det gunstige klimaet
- Restaurere gamle kulturminne som kraftstasjon med inntaksdam, og taubane for tømmer med overbygg over hovedveg

Riksantikvaren og fylkeskommunen vil i inneverande år starte arbeidet med å identifisere **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)** i Telemark. Arbeidet med å definere «KULA» skriv seg frå behov for å tenkje meir heilskapleg i samfunns- og arealplanlegginga, slik Riksantikvaren forklarar på sine heimesider:

Dagens landskap er et resultat av menneskers areal- og ressursbruk over tid. Landskapet vil alltid være i endring. Noen endringer kan føre til tap av kulturhistoriske verdier, andre kan bidra til å styrke dem. Med god planlegging kan landskapet brukes som en ressurs i samfunnsutviklingen, slik at vi både bevarer kvalitetene og videreutvikler dem i et langsiktig perspektiv. Landskap er viktig for opplevelser og ofte er det de menneskeskapede sporene som gjør landskapet ekstra opplevelsesrikt. Landskap er en ressurs som gir grunnlag for næringer som landbruk og reiseliv, og kan bety mye for kommunens attraktivitet som bosted og besøksmål. Statlige og regionale myndigheter må også ta hensyn til landskap i deres planlegging av store tiltak som for eksempel samferdsel, vann- og vindkraftutbygging, akvakultur og mineralutvinning. [...]

Landskapet har alltid vært i endring, men tempoet og omfanget av endringene øker nå i en slik grad at viktige verdier står i fare for å gå tapt.

Målet er at KULA-områdene til sammen skal vise mangfoldet i kulturhistorien. De skal vise hvordan bosettinger, næringer og ferdsel har preget landskapet, tidsdybde, viktige faser i historien, viktige hendelser, synlige historiske strukturer og ulike etniske og sosiale grupperes bruk av landskapet.

Bygda Lårdal er ein opplagt kandidat til å bli vurdert for slik klassifisering. Landskapet i Lårdal kan formidle utviklinga i regionen gjennom fleire tusen år, der ein kan vise ei linje som går frå bronsealder (helleristningar), via romartid og vikingtid (gravfunn), mellomalder med gamle gardar og rydningar, Lårdal som tidlegare administrasjonssenter og samlingsplass for militær og kulturell aktivitet, i tillegg til ei mangfaldig og tidleg industrihistorie. Med elva som det sentrale element for all menneskeleg aktivitet.



Helleristning av skip funne i Lårdal, foto: Knut K. Buer.

T.v: Kulturlandskapet i Lårdal er klassifisert som særleg verdifullt i arealplan.

6.0 Motstand mot utbygging

Før konsesjonen blei gjeve i 2015 var det ei sterk folkeleg mobilisering mot å gje konsesjon for utbygging. Ei høyringsuttale underteikna av 116 personar med lokal tilknytning til Lårdal vart ikkje teke omsyn til.


Då det i mars 2019 kom fram i lokalavisa at utbygger ville gå i gang og realisere plan for utbygging, vart det danna ei aksjonsgruppe. Den heiter Lårdalsåi – La elva Leve. Gruppa gjennomførte aksjon ved Hommefossen i slutten av april og fekk pressedekning i fleire aviser og i NRK Telemark. Tilslutnad til facebookgruppe og ny underskriftskampanje viser at stemninga ikkje har snudd; tvert imot kan det sjå ut som motstand mot utbygging har auka blant befolkninga i kommunen. Det er ikkje så ofte at småkraftprosjekt medfører slik mobilisering. Ved kommunevalet hausten 2019 var Lårdalsåi ei sak som vakte engasjement i valkampen.

Den folkelege motstanden mot utbygging bør tale for at konsesjonen ikkje blir forlenga.



Aksjon ved Hommefossen 28.04.2019. Foto: Jostein Hellevik

Lat dei ikkje ta Lårdalsåi!



Lårdalsåi er i fåre - stor fåre. Kraftutbyggjarane har kasta sine augo på denne vesle åi som har renne gjennom øvre og nedre Lårdal i uminnelige tider.

Åi som har vore med på å halde oppe næringsgrunnlaget i bygda i mange, mange år.

Nå er planen å slå eit hol ved Skottveit og la åi renne ned til Tokke i på Dalen.

Nokre trøystar seg framleis med at det vil bli for dyrt å gå til ei slik utbygging for å legge Lårdalsåi og Støysdalsåi i tunnel. Andre vonar at dette berre vil bli i flaumtida at Lårdalsåi skal til Dalen. Då er dei glade til. Flaumen i -68 hugsar folk veldig godt. Mange hugsar og flaumen i 1912.

Dersom det berre vort i flaumtida dei tek Lårdalsåi vil det framleis bli vatn nok i sommarhalvåret. Lårdal vil bli som før.

Men ikkje alle har så godt for å tru at NVE skal bygge eit anlegg til fleirfoldige millionar for berre å bruke det ein gong i året.

-Dersom ein gjev kraftutbyggjarfolket veslefingern, tek dei snart heile handa.

Me har ytt bidraget vårt til kraftutbygginga, me synest det dei har teke får vera nok. Dei bør ikkje kisse med åi som har vore med på å lage trivnad, sysselsettjng og lukke i bygda.

Trivnad, ja, dei som har gått med fiskestonga i Lårdalsåi glemmer ikkje dette så lett.

Det er ikkje den store fisken i åi. Nei, hvert imot. Mange vil kalle han kattfisk og snauvt nok det. Men denne vesle åi renn der - og bekkauren står og lurar bak steinane, kviler seg for så å gjera eit kort framstøt mot matfatet. Eit matfat som gjerne kunne vera ein meitemark, ei March Brown Silver eller ein Olsen - for ikkje å snakke om Heggeil Fly. Jau, det var triveleg.

Og så bade i hylane då. Symje inn mot fossen og få karbad og dusj samstundes. Alle som har budd i nærleiken av ei slik liten elv veit kva dei vil seie å ha ei slik.

Men folk har hatt anna nytte av Lårdalsåi og. Tenk på Olav Fosshus som hadde vassag i elva. Ja, det var fleire enn han og. Og andre kom til mylla med kornet sitt. Andre hadde arbeidet sitt på Spinneriet og på sagbruket. Både industristadene med eige kraftverk.

Lårdalsåi var bygd ut i det små. Det var ingen som tok heile elva. Det var vatn nok til andre og.

Ja, kraftverket til Spinneriet er vel intakt den dag i dag.

Og så mylledrifta. Mylla under Hommefossen starta opp i 1919

og heldt på så lenge det var nemneverdig kornproduksjon i Lårdal.

Medan ein skriv om åi, må ein ikkje glemme at det var i denne eit

Det er ein Lårdal å takke for at denne gutungen framleis er i live. Sentimentalt og saftsuppesett, javel, men Lårdal vil likevel ikkje vera det same om NVE og

kraftutbyggingsfolket får tak i Lårdalsåi.

Framleis - og i mange år framover vil det vera folk som er

avhengige av åi i Lårdal. Ikkjeslik som dei som rek med fiskestong. Men det er dei som bur seg på åi som alternativ drikkevasskjelde og som investerar i vatningsanlegg til gardsbruket sitt. Og for dei tel nok åi meir enn dei 1,5 kubikkmeter pr. sekund som kraftutbyggjarane reknar med å ha i vinst på eit anlegg til 27 millionar kroner, rekna etter prisane og kroneverdet i 1972.

-80-

Lårdalsåi har gjeve glede, sorg og arbeid til bygda

av dei fyrste kommunal kraftverka i landet kom. I 1915 vart det kommunalt ljøs i Lårdal - og vasskrafta tok dei frå åi.

Men det er ikkje berre fryd og gammen med elva. Ho har laga sorg og. Folk har mista livet i elva. Og nokre har vore nær på.

Sjølvs hugsar bladfiken godt den gongen han hadde sett ut fiskestongi om kvelden. Om natta kom regnveret og elva var større enn kvelden før. Og gutungen vassa ut i elva for å redde fiskestonga og kanhende fisken som var der. Det strie vatnet glekk over staveskaffa. Vatnet i Fosshushylen glekk kvitt. Men gutungen anså seg ikkje, vassa berre lenger ut. Det var fiskestonga som var det viktigaste.



Det har vore tale om utbygging av Lårdalsåi i fleire omgangar og kvar gong har folk samla seg og protestert. Her frå eit lesarinnlegg i Vest-Telemark blad 17. januar 1980.

7.0 Klima versus naturmiljø

Vi har store utfordringar innanfor klima- og naturmangfald. Dette krev globale løysingar og fornybar energi. Men skal vi legge all vekt på bare klima eller skal ein også legge vekt på naturmiljø og biologisk mangfald? FN sitt naturpanel la fram sin rapport i mai 2019. Rapporten konkluderte med at naturmiljøet også er under sterkt press. Ein stor del av presset skuldast klimaendringar, men også det at vi menneske tek oss til rette over større og større deler av kloden. Intakte økosystem er eit vern mot klimaendringar og er dessutan ein føresetnad for all sivilisasjon.

Det er mange som tek til orde for bygging av meir vasskraft på grunn av klimaendringane. Mange av dei same forkjemparane er motstandarar av bygging av vindkraft. For oss menneske er kanskje grunnen til motstanden mot vindkraft at desse turbinane er så godt synlege. Ei elv med sterkt redusert vassføring er oftast ikkje synleg på lang avstand. For naturmiljøet er kanskje fjerning av mykje av vatnet og den naturlege pulsen i vassdraga til større skade.

Tokke kommune meiner balanserte løysingar gjev det beste resultatet. Då må også naturmiljø og det lokale vassdragsmiljø vektleggast. Dei to kraftverka i Lårdalsåi er planlagt med snaue 12 GWh i årleg produksjon. Til samanlikning produserar Tokke kraftverk i underkant av 2200 GWh i eit normalår.

Det bør og nemnast at i oktober 2019 la NVE fram sin rapport om kraftforsyninga i Noreg fram til 2040. Den legg til grunn at det i 2022 vil vera eit kraftoverskot i Noreg på om lag 22 TWh. Produksjonen vil då vera om lag 164 TWh medan forbruket vil vera om lag 142 TWh.

I 2040 er kraftproduksjonen venta å vere på 184 TWh, medan forbruket vil vera på 177 TWh. Det er framleis eit kraftoverskot på 7 TWh, sjølv om NVE har lagt til grunn mykje vil bli elektrifisert i perioden fram til 2040, sjå rapporten punkt 3.3. Omsynet til kraftforsyninga talar difor ikkje for at det er naudsynt å byggje ut Lårdalsåi.

Den mest balanserte løysinga i denne saka er å la Lårdalsåi leve som i dag.

8.0 Lovens formål og oppsummering

Ved tolkingstvil av konsesjonar gjeve i medhald av vassressurslova er det naturleg at NVE også ser på formålet med lova. I § 1 heiter det:

«Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann.»

I Olje- og energidepartementet proposisjon til Stortinget heiter det fylgjande om formålet jf. punkt 6.4 andre avsnitt:

«Det er enighet i utvalget om hvilke hovedhensyn loven skal fremme. Hensynet til bærekraftig utvikling og ivaretagelse av det biologiske mangfoldet og de naturlige prosesser i vassdragene skal være et av lovens hovedformål og med vassdragenes og grunnvannets samfunnsmessige betydning for øye. Det fremgår også av flertallets begrunnelse at miljøhensyn skal veie tungt ved praktisering av loven.»

Sidan lovas formål tilseier at miljøomsyn skal vege tungt, talar det for at forlenging av byggefristen ikkje bør skje.

Oppsummert:

Føresegna i konsesjonen punkt 2 er ein kan-regel. NVE har såleis ein klår heimel til å nekte forlenga byggefrist til konsesjonærar som ikkje har utnytta femårsfristen effektivt.

Politiske signal frå Olje- og energidepartementet krev strengare praksis for handheving av byggefristar for vindkraft. Tilsvarende argument talar for at det også bør skje for vasskrafta. Kanskje bør nye småkraftkonsesjonar få tre års byggefrist slik hovudregelen er i vassressurslova § 27 og ikkje fem år som i dag. Det vil i såfall vere i samsvar med framlegget frå fleritalet i Vassdragslovutvalet.

Det viser seg at vassføringa i Lårdalsåi kanskje er 80 % høgare enn det NVE har lagt til grunn i sin konsesjon. Det er ein alvorleg mangel ved konsesjonane. Konsesjonar som byggjer på feil fakta bør ikkje forlengast.

Ny kunnskap om natur og miljø gir NVE god grunn til å innføre ein strengare praksis knytt til korleis ein utøver skjønnet knytt til forlenging av den romslege fristen på 5 år for bygggestart.

Mykje har skjedd når det gjeld kartlegging av naturtypar langs Bandak. Det tilseier at det er grunn til å tru at fleire raudlista arter kan vere langs Lårdalsåi. Fleire har stilt spørsmål ved kvaliteten på kartleggingane som låg til grunn før konsesjon vart gjeve i 2015.

Lårdal har ei rik kulturhistorie. Arkeologiske undersøkingar i 2019 avduka fleire automatisk freda kulturminne i tenkt rørgatetrasé. Det er frå før gjort mange funn som dokumenterer aktivitet i området rundt elva sidan bronsealder. Telemarkskanalen vart freda i 2017. I brev frå desember 2017 understrekar fylkeskommunen at kraftstasjon frå 1916 er eit kulturminne av nasjonal verdi. Gjennom samarbeidet i Regionalparken ser Tokke kommune store moglegheiter for å utvikle Lårdal som destinasjon, basert på formidling av dei unike natur- og kulturverdiane.

Dersom NVE framleis er i tvil om praktisering av den skjønnsmessige kan-regelen, bør NVE legge vekt på det lokale sjølvstyret. Kommunen ynskjer i dag ingen utbygging av Lårdalsåi.

Med helsing

Jarand Felland
Ordførar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.